


# Detaljregulering for Maurvangen vest for Mola

## Detaljreguleringsplan



**Oppdragsgivar**  
**Oppdrag**  
**Rapport type**  
**Prosjektnr.**  
**Dato**

Gjendebåten AS  
Detaljreguleringsplan  
Planomtale med konsekvensutgreiing  
16100  
27.09.2018



## INNHALDSLISTE

<b>1</b>	<b>Kort om planforslaget</b> .....	<b>4</b>
1.1	<i>Lokalisering og avgrensing av planområdet</i> .....	4
1.2	<i>Føremål med planarbeidet</i> .....	5
<b>2</b>	<b>Planprosessen</b> .....	<b>6</b>
2.1	<i>Oppstartsmøte og føresetnader for planarbeidet</i> .....	6
2.2	<i>Varsel om oppstart - medverknad</i> .....	6
2.3	<i>Fastsetting av planprogram</i> .....	6
<b>3</b>	<b>Planområdet – eksisterende situasjon</b> .....	<b>8</b>
3.1	<i>Gjeldende planstatus</i> .....	8
3.2	<i>Bruk av planområdet</i> .....	10
<b>4</b>	<b>Risiko og sårbarhet</b> .....	<b>11</b>
4.1	<i>Oppsummering konkrete tiltak</i> .....	11
<b>5</b>	<b>Skildring av planforslaget</b> .....	<b>12</b>
5.1	<i>Planlagt arealbruk</i> .....	12
5.2	<i>Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål</i> .....	12
5.3	<i>Plassering og utforming av tiltak</i> .....	13
5.4	<i>Teknisk og sosial infrastruktur</i> .....	14
5.5	<i>Faresoner</i> .....	14
5.6	<i>Omsynssoner</i> .....	15
5.7	<i>Rekkefølgeføresegner</i> .....	15
<b>6</b>	<b>Konsekvensar av planforslaget - konsekvensutgreiing</b> .....	<b>16</b>
6.1	<i>Metode</i> .....	16
6.2	<i>Alternativ - 0-alternativet</i> .....	17
6.3	<i>Landskapsbilete</i> .....	18
6.4	<i>Nærmiljø, friluftsliv og verna vassdrag</i> .....	21
6.5	<i>Naturmangfald, klima og miljø</i> .....	22
6.6	<i>Kulturminne/kulturmiljø</i> .....	23
6.7	<i>Naturressursar, skog- og jordbruk</i> .....	24
6.8	<i>Andre forhold</i> .....	25
6.9	<i>Oppsummering og konklusjon</i> .....	28
<b>7</b>	<b>Vedlegg</b> .....	<b>28</b>

		Prosjektnr: <b>16 100</b>	Dato: <b>27.09.2018</b>		
Status /Rev:	Rev. gjeld:	Dato:	Sign:	KS:	
0	Utkast	10.04.18			
0	Til 1. handsaming	10.04.18	ØS		
1	Revisjon – Endring av omgrepsbruk ihht. Vedtak om 1. gongs offentlig ettersyn	09.05.18	ØS		
2	Revisjon – Oppdatert i samsvar med vedtak	27.09.18	ØS		
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 <a href="http://www.nordplan.no">www.nordplan.no</a>		Kundeinformasjon: Gjendebåten AS Harald Rune Øvstedal 2680 VÅGÅ			
Prosjektleder: Øyvind Sødal					
Medarbeiderar: Lise Lotte Pedersen			Sign:		
Kontrollert av: Øyvind Sødal			Sign: 		

Plankonsulent Nordplan AS utarbeider på vegne av tiltakshavar Gjendebåten AS ein reguleringsplan som legg rammer og føringar for planlagt utbygging av næringsbebyggelse vest for Mola, ved Maurvangen i Vågå kommune.

I planskildringa gjerast det greie for føremål og hovudinnhald i reguleringsplanen. Verknadene av reguleringsplanen vert skildra og vurdert opp mot dei omsyn som lovverket krev blir ivareteke. Planskildringa inneheld ei vurdering av korleis planforslaget bidreg til å oppnå relevante målsettingar. Konsekvensutgreiinga som inngår i planskildringa gjev særskilt vurdering og av planens verknader for miljø og samfunn i tråd med vedtatt planprogram.


Kontaktpersonar:  
 Kommunen: Ingunn Moen Helland  
 Oppdragsgjevar: Harald Rune Øvstedal  
 Nordplan AS: Øyvind Sødal, Lise Lotte Pedersen

Oppdraget er utført i perioden 2016-2018.

# 1 Kort om planforslaget

## 1.1 Lokalisering og avgrensning av planområdet

Planområdet er 8,3 daa, med byggetomt på 3,3 daa ved Maurvangen i Vågå kommune, Oppland. Frå Vågå er det 60 km sørover, 32 km frå Randsverk og 32 km nord for Beitostølen. Området ligg i tilknytning til Gjende, Besseggen og Jotunheimen Aust. Fv.51 over Valdresflye er nasjonal turistveg mellom Gardli og Hindsæter. Planområdet ligg ved krysset mellom Hoskelivegen og Fv.51. Planområdet ligg på eigdommen Gnr./Bnr. 187/1.



Figur 1. Oversiktskart. Planområdet markert med blått. Kjelde: kart/finn.no



*Figur 2. Planområdet saman med andre kjende lokalitetar knytt til reiseliv og Gjendeosen som knutepunkt. A) Gjendeosen. Bryggeanlegg for Gjendebåten AS, kiosk og Gjendesheim (DNT Oslo og omegn) B) Reinsvangen. Parkeringsanlegg for nasjonalt reiselivskon Gjendeosen. C) Besseggen Fjellpark, Maurvangen. Camping, hytteutleige og servering, Kjelde: Kommune kart.com 3D.*

## **1.2 Føremål med planarbeidet**

Føremålet med planarbeidet er å regulere delar av gards-/bruksnummer 187/1 til garasjeanlegg og tenestebustad tilknytt Gjendebåten AS. Behovet supplerer Gjendebåten AS sitt behov for dette ut over rammene for ny bebyggelse som er fastsett i reguleringsplan av Gjendeosen fra 2012.

På det foreslåtte planområdet ved Maurvangen vest for Mola, tas det sikte på etablering av eit funksjonelt og framtidretta driftsopplegg med lagring av utstyr og losji for tilsette. Planforslaget inneber regulering av område TB/LO1 i kommuneplanens arealdel, med nærmare arealavgrensning og rammer for ny bebyggelse på ei næringstomt 3,3 daa ved Maurvangen.

## 2 Planprosessen

### 2.1 Oppstartsmøte og føresetnader for planarbeidet

Det vart heldt oppstartsmøte 29.03.2017. Vågå kommune v/ administrasjonen tok atterhald om samsvar med forslaget til kommuneplanens arealdel da denne framleis var i prosess.. Arealdelen vart vedteken 9.8.17, med avsette område til arealformål slik det er forklart i kapittel 2.1.2.

Planarbeidet vert gjennomført som detaljregulering, jf. PBL §12-2, av området Maurvangen vest for Mola. Planforslaget fører til ny regulering deler av eksisterande reguleringsplan, samt at eit mindre ikkje tidlegare regulert areal blir regulert. Planformålet er i tråd med gjeldande kommuneplan for Vågå kommune, men vart starta opp på eit tidspunkt da denne avklaringa ikkje var gjeve. Konklusjonen om KU-krav var også grunngeve med at KU-forskriftas bokstav b (kulturminne), bokstav e (naturområde som kan vere særleg viktig for friluftsliv) og bokstav q (rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag), var forhold som vil kunne bli råka av planforslaget. Som føresetnad for planarbeidet vart det difor stilt krav til konsekvensutgreiing.

Planprogram er heimla i Forskrift om konsekvensutgreiing §16 og plan- og bygningslova § 4-1.

### 2.2 Varsel om oppstart - medverknad

Planoppstart vart i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kunngjort i Fjuken 15.06.2017. Forslag til planprogram vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 6.6.17- 10.08.17. Aktuelle rettshavarar vart varsla direkte med brev og forslag til planprogram, og det vart bede om merknadar og innspel til planarbeidet. Liste over varsla partar gjekk fram av varslingsbrevet datert 6.6.17.

I høyringsperioda kom det inn 9 innspel til planarbeidet. Desse vart gjennomgått og er kommentert i eige vedlegg (**Merknadsvurdering etter oppstartsvarsel, 18.08.17**). Innspel og merknadar førte til at nytt framlegg til planprogram vart justert på nokre punkt.

### 2.3 Fastsetting av planprogram

Vågå formannskap, som utval for plansaker, 17. oktober 2017 behandla i sak 81/17, fastsetting av planprogram for reguleringsarbeidet i samrøysta vedtak:

*Med heimel i § 12-9 i Plan- og bygningslova, jf. Forskrift om konsekvensutredninger § 16, blir framlagt planprogram for detaljregulering for Maurvangen vest for Mola fastsett.*

I planprogrammet vart det gjort ei vurdering av kva for tema som skulle konsekvensutgreiast. Grunnlaget for vurderinga er kva forhold ved reguleringsplanen som kan gje konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn og vedlegg 3 til «Forskrift om konsekvensutgreiingar» (FOR-2014-12-19-1726)». Det vart vurdert som naudsynt å konsekvensutgreie to deltema.

- Nærmiljø og friluftsliv - naturområde og vassdragsnatur som er særskilt viktig for friluftsliv. Gjendeosen som nasjonalt reiselivsikone, og Sjoavassdraget som varig verna vassdrag.
- Støyberekning, jf. støyretningsline T-1442

Andre utgreiingstema vart og beskrive som relevante:

- Krav til byggehøgder, form-, farge-, og materialval. Istandsetting og bruk av uteområde. Nærverknad og fjernverknad av landskapsbiletet, herunder skildring av visuell verknad av tiltaka med illustrasjonsplan og 3D-modellskisse av planlagde bygg.
- Veg- og vegtekniske forhold / trafikksikkerheit, Fv. 51 (Statens vegvesen) og Hoskelivegen (Hoskelia hyttevelforening er høyringspart for Hoskelivegen) og
- VAO- og EL-tekniske forhold. Straumforsyning, Eidefoss AS. Det skal greiast ut løysing for vassforsyning og avlaupshandtering for planlagt bebyggelse. Lokal løysing eller tilkopling til det nye anlegget.
- Besseggen fjellpark Maurvangen bygger ut med nytt reinseanlegg som vurderast som aktuelt. Det planleggjast ikkje handtering av septik frå båtane i dette anlegget.
- Sette av areal for eksisterande turveg gjennom planområdet.
- Folkehelse, barn og unge, funksjonshemma og eldre sine interesser, areal for eksisterande turveg.

Ved varsel om oppstart av planarbeidet var det i forslaget til revidert kommuneplan eit plankrav for området som innebar at bygningane måtte knyte seg på privat vatn- og avlaupsnett hjå Besseggen Fjellpark Maurvangen. I samband med sluttbehandling og godkjenning av kommuneplanens arealdel endra kommunestyret dette plankravet for TB/LO1 i kommuneplanføresegnene §9.4.4 til «(...)Løysingar for vatn og avlaup skal etablerast i tråd med gjeldande krav og retningsliner.»

Planprogrammet beskriv at det skal utarbeidast ei generell ROS-analyse for arealbruk i tråd med Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) sin rettleiar og sjekklister til fylkesmannen. ROS-analysen vil kartlegge sannsyn for uønskete hendingar som kan inntreffe. ROS-analyse er ei vurdering av potensielle farar for menneskjer, miljø, økonomiske verdiar og viktige samfunnsfunksjonar med fokus på:

- Eventuell verknad av vatn/vassdrag blir synleggjort
- Brannfare
- Handtering av avfall


## 3 Planområdet – eksisterande situasjon

### 3.1 Gjeldande planstatus

#### 3.1.1 Statlege og kommunale føringar

- Plan- og bygningslova
- Lov om kulturminne
- Retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)
- Rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag
- Planstrategi for Vågå kommune 2016-2020
- Kommunedelplan for trafikktryggleik 2015-17- Vågå kommune
- Kommuneplanens arealdel 2017- 27

#### 3.1.2 Kommuneplanen sin arealdel ev. kommunedelplanar/temaplanar



Figur 3. Kommuneplanens arealdel, utsnitt frå plankart for Gjende-Maurvangen. Vedteken 09.08.2017.

Området med gul/kvit skravering nord og aust for planområdet er avsett til noverande bygg og anlegg. På området Reinsvangen er det avsett eit område til parkering (merka grått). Planområdet som blir foreslått regulert er området merkt TB/L01, avsett i kommuneplanens arealdel til framtidig bygg og anlegg. I føresegna til kommuneplanens arealdel står det om dette:

«Området kan byggjast ut til tenestebustad og garasje/lager. Det må utarbeidast ny reguleringsplan for området. Løysingar for vatn og avlaup skal etablerast i tråd med gjeldande krav og retningsliner.»



Kommuneplanens arealdel gjev også krav om regulering (plankrav) samt føringar for framtidig regulering i høve materialval, utforming, fargeval, bruk av gjerde og nærare gitte tekniske løysingar.

### 3.1.3 Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar

Figur 4. Plan for Gjendeosen- Reinsvangen. Vedtatt 31.01.12. PlanID 2010001.



Reguleringsplanen her legg opp til at eit større areal skal nyttast til parkeringsplassar, særleg i høve turisme retta mot Gjendesheim og nasjonalparken. Plangrensa følgjer elvekanten i retning av det aktuelle planområdet for denne planomtala.

I reguleringsplanen for Gjendeosen-Reinsvangen var det fastsett at ein skal reparera øydelagt landskap og redusere areala som no nyttas til anlegg inne på Gjendeosen. Ein ynskjer å heller nytte området på Reinsvangen til parkeringsformål. Her finst det allereie ein parkeringsplass. Denne skal utvidast slik at det totalt vert 600 parkeringsplassar, med mogleg ytterlegare 250 på arealet mellom fylkesvegen og elva (Reguleringsplan for Reinsvangen- Gjendeosen i Vågå kommune, Statens Vegvesen/ Rambøll 2011). Dei reisande skal kunne gå eller nytte buss for etappen frå Reinsvangen til Gjendesheim.

Reinsvangen kunne elles vært ein aktuell plass for lokalisering av dei formåla som skal regulerast i denne planen, men reguleringa av parkeringsplassar reduserer det tilgjengelege arealet. Derfor vert Maurvangen vest for Mola eit alternativ for lagring av utstyr og losji til sesongarbeidarar ved Gjendebåten AS.

Figur 5. Plan for Maurvangen. Vedtatt 02.07.2009. PlanID 2009001.

Planområdet koplar seg delvis til det som per i dag er gjeldande reguleringsplan for Maurvangen, i sør-vestre del av det regulerte arealet. I tillegg kjem noko ikkje tidlegare regulert areal vest for LR-formålet i den tidlegare planen. Dei tilgrensande formåla i gjeldande reguleringsplan er avsett til spesialområde for campinghytter, byggeområde for bustad/service/næring og spesialområde for campingplass, samt vegformål. Planområdet er per i dag til dels uregulert, og regulert til landbruk og reindrift, samt vegformål.



### 3.2 Bruk av planområdet

Overordna ligg planområdet i eit fjellområde som er sårbart, dette gjeld både i forhold til landskapsinngrep og i forhold til ytre påverknad på Sjoavassdraget som også har status som verna vassdrag.

Planområdet ligg nær Maurvangsbrue og Besseggen Fjellpark som har campingplass og servering, elles er området eit knutepunkt for reisande, og har sterke kulturelle referansar knytt til fjellturisme, med Besseggen, Valdresflye og Gjende som nasjonalt og internasjonalt kjende opplevingar. Området er difor påverka av utbygging til turistformål med camping og hytteutleige og fleire større infrastrukturtiltak, t.d. Fv. 51 og bruer over Sjoa.

Det føreslåtte utbyggingsarealet ligg på ein lausmasserygg mellom Fv. 51 Valdresflyvegen og Besseggen Fjellpark, Maurvangen. Ytterlegare bebyggelse er fritidsbustader, med Hoskelie hytteområde lengre aust, samt 2 frittliggjande fritidsbustader, ein rett nord for planområdet, og ein rett sør for planområdet. Det går ein sti gjennom planområdet, som og synes på bildet nedanfor. Stien har litt eit litt uvisst målpunkt, men antas å bli brukt ifm. nærfriluftsliv knytt til fritidsbebyggelse og hytteutleige/camping.

På vinteren blir det køyrd opp skiløype som passerar planområdet på myra like aust for planområdet. Planavgrensinga er slik at den regulerte skiløypetraseen (sjå figur 5) ikkje er rørt av planforslaget.



Figur 6. Bilete frå Hoskelivegen, med planområdet til venstre. Kjelde: Nordplan AS.

## 4 Risiko og sårbarheit

Risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet er lagt ved som eige dokument.

Etter gjennomgang av Ros-sjekklista i punkt 1.2 i vedlagt analyse, er det konkludert med følgande moglege hendingar innanfor planområdet:

- Flaum – Sjoa og Mola
- Sløkkjevasskapasitet
- Responstid for utrykkingskøyretøy

### 4.1 Oppsummering konkrete tiltak

Hending /situasjon NO	Aktuelt?	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Flaum	Ja	Sannsynleg/ fleire enkelte tilfelle 1	Mindre alvorleg/ ei viss fare 3	3	Planområdet er innanfor aktsemdskart for flaum (NVE) Vurderast som tilstrekkeleg sikkert basert på stor høgdeforskjell og avstand til aktuelle vassdrag.
Sløkkjevasskapasitet	Nei				Ikkje behov for denne kapasiteten
Responstid for utrykkingskøyretøy	Nei				Ikkje behov for denne kapasiteten

Hending /situasjon ETTER UTBYGGING	Aktuelt?	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Flaum	Ja	Sannsynleg/ fleire enkelte tilfelle 1	Mindre alvorleg/ ei viss fare 3	3	Situasjon ikkje endra, og vurderast som tilstrekkeleg sikkert basert på stor høgdeforskjell og avstand til aktuelle vassdrag.
Sløkkjevasskapasitet	Ja	Mindre sannsynleg/ kjende tilfelle 2	Betydeleg/kritisk 2	4	Vurderast tilstrekkeleg med naturleg tilgjengeleg sløkkjevasskapasitet i nærliggjande vassdrag.
Responstid for utrykkingskøyretøy	Ja	Mindre sannsynleg/ kjende tilfelle 2	Betydeleg/kritisk 2	4	Avstand til næraste brannstasjon er 60 km via offentleg vegnett, fv. 51.

## 5 Skildring av planforslaget

Målsetting:

Føremålet med planarbeidet er å regulere delar av gards-/bruksnummer 187/1 til garasjeanlegg og tenestebustad tilknytt Gjendebåten AS.

### 5.1 Planlagt arealbruk

#### 5.1.1 Reguleringsføremål

Arealet er fordelt på dei ulike reguleringsføremåla slik tabellen viser.

Reguleringsføremål	Plannemning	Areal totalt (daa)
§12-5. Nr. 1 Bygningar og anlegg Næringsbygg	BN	3,3
§12-5. Nr. 2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur Køyreveg	SKV1-2	0,6
Grøntareal (annan veggrunn)	SVG1-2	0,3
§12-5. Nr.3 Grøntstruktur Naturområde (grønstruktur)	GN1-3	4
Turdrag	GTD1-2	0,2
SUM		8,3

Planområdet vert totalt 8, 3 daa, med 3,3 daa byggetomt.

### 5.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål

#### 5.2.1 Næringsbygg

Området merkt BN opnar for etablering av tenestebustad, garasje, veg og parkering. Tenestebustaden og garasjen er kategorisert som næringsbygg i høve funksjonar for Gjendebåten AS. Tomteutnyttinga vert utrekna etter «Rettleiar for grad av utnytting». Den er vist med prosent bebygd areal, %-BYA, på plankartet. Byggegrenser går fram av plankartet. Det er gjeve detaljerte føresegner for terrengbehandling, materialval, form og storleik på ny bebyggelse. Sjå elles skisse til planlagd ny bebyggelse i 5.3.

#### 5.2.2 Vegareal

Planen regulerer to private veger; Hoskelivegen (SKV1) som er ein samleveg for Besseggen fjellpark, Maurvangen og Hoskelia hytteområde mv. og privat avkøyrsløp til område BN (SKV2). Vegane er dimensjonert for lastebil. Sideareal (grøft, skjering og fylling) er vist som annan veggrunn, grøntareal (SVG1-2).

#### 5.2.3 Turveg

Eksisterande turdrag gjennom planområdet. Traseen inngår i infrastrukturtrasse, og kan gravast opp ved nedlegging av rør/leidning i planområdet, men funksjonen som turveg skal vidareførast når utbygging er gjennomført.

### 5.3 Plassering og utforming av tiltak



Figur 7. Illustrasjon av planlagde tiltak som følge av planforslaget, sett frå sør.



Figur 8. Illustrasjon av planlagde tiltak som følge av planforslaget, sett frå nord.

### **5.3.1 Byggehøgder**

Det er gjeve detaljert føresegn om maksimal mønehøgder;

- Tenestebustad 6,0 meter
- Garasjebygg er 8,0 meter

Intensjonen med avgrensing i byggehøgder er at bygningane ikkje skal stikke vesentleg over eksisterande vegetasjon, og gjennom dette dempe intrykket og fjernverknaden ny bebyggelse vil ha i landskapet.

### **5.3.2 Uteareal**

Utbygde område skal formast i tråd med definisjonen i TEK 17 § 8-1.

### **5.3.3 Krav om situasjonsplan og rekkefølgeføresegner**

Det er stilt krav om situasjonsplan i samband med byggesøknader.

## **5.4 Teknisk og sosial infrastruktur**

Anlegget er vurdert til å gje må vera dimensjonert for 10 personekvivalentar (PE).

Anlegget skal bli forsynt med vatn frå borebrønn.


Det er ikkje utført grunnundersøking utover synfaring og oppslag i NGU sin lausmassedatabase, i planfasen. Det er ein føresetnad at kjennskap til grunnforholda blir supplert med nærare grunnundersøking da utleppssøknad skal utarbeidast. Om ein finn tilstrekkeleg lausmasseførekost, og at oppfølgjande grunnundersøking tyder at infiltrasjon av gråvatn er forsvarleg, vil det bli bygd eit naturbasert infiltrasjonsanlegg med eller utan biomodul. Føremonleg kan svartvatn frå toalett og gråvatn frå tenestebustad/garasje bli separert slik at svartvatnet vert ført til eigen oppsamlingstank, type Jets vakuumklosett eller tilsvarande, kombinert med godkjend gråvassløysing.

## **5.5 Faresoner**

Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdsone for flaum.

Byggetomta slik den er foreslått i dette planforslaget, vil ikkje kunne påverkast av flaum, jord- og flaumskred, herunder sekundærverknader av skred. Terrenget aust for planområdet er i det heile slakt, og det er ikkje fare for snøskred eller steinsprang. Ein har difor ikkje komme til å regulere inn fareområder, eller gå vidare med nærare utgreiing av reell flaumfare.

## 5.6 Omsynssoner



Figur 9. Omsynssoner i reguleringsplanforslaget.

Det er lagt inn sone for særlege omsyn til friluftsliv/grønstruktur, H530 for å sikre samanhengande turdrag gjennom byggetomt skal ivaretakast.

Ned mot myra i aust er det lagt inn ei sone for særlege omsyn til landskap/bevaring av naturmiljø, H560. Dette av at ein ikkje ynskjer å røra ved myr og vassdrag i korkje anleggsfasen eller ved seinare bruk av anlegget. Reguleringsføresegnene gjev særskilde krav til terrengendring i sona.

Det lagt inn støysone, H220, gul sone ihht. T-1442. Planen legg ikkje opp til etablering av ny støy, jf. T-1442, og aktuelle bruksformål er ikkje rørt av trafikkstøy frå Fv. 51 med noverande og framskriven trafikkmengd.

## 5.7 Rekkefølgeføresegner

Det er gjeve rekkefølgeføresegn ang. støyfølsame bruksformål. Situasjonsplan og utgreiing av infiltrasjonsevne dersom det er naudsynt med utsleppsløyve etter ureiningsforskrifta, skal sendast til kommunen i samband med byggesøknad.


## 6 Konsekvensar av planforslaget - konsekvensutgreiing

### 6.1 Metode

Statens vegvesen sin håndbok V712 er lagt til grunn for konsekvensutredningen.

#### 6.1.1 Verdivurdering

Verdien til dei ulike delområda er vurdert for kvart enkelt utgreiingstema. Der det er naudsynt å differensiere ulik grad av konsekvens er planområdet oppdelt i delområde som er utgreidd kvar for seg.




Figur 10. Verdiskala

I arbeidet med verdisetting er statlege mål og retningslinjer lagt til grunn.

#### 6.1.2 Omfang av tiltaket

Omfanget sier noe om i hvor stor grad tiltaket påvirker influensområdet. I omfangsvurderingen benyttes også en skala. Som vist under strekker skalaen seg frå frå særlig negativ til særlig positiv.



Figur 11. Omfangsskala

#### 6.1.3 Konsekvens av tiltaket

Til slutt vurderes konsekvensen av tiltaket. Dette gjøres ved å benytte en konsekvensvifte frå Statens håndbok V712. I konsekvensvifta sammenstilles verdi og omfang. Verdiskalaen beskrevet over utgjør x-aksen, mens omfangsskalaen utgjør y-aksen.

Figur 12. Konsekvensvifte fra Statens vegvesen sin HB V712

Verdi	Omfang	Liten	Middels	Stor		
Stort positivt	Ingenverdi	Meget stor positiv konsekvens (++++)	Stor positiv konsekvens (++++)	Middels positiv konsekvens (+++)		
					Lite positiv konsekvens (+)	Ubetydelig (0)
Middels positivt	Innet omfang	Lite negativ konsekvens (-)	Middels negativ konsekvens (- -)	Stor negativ konsekvens (- - -)		
					Lite negativt	Middels negativt
Stort negativt	Innet omfang	Lite negativ konsekvens (-)	Middels negativ konsekvens (- -)	Stor negativ konsekvens (- - -)		
					Middels negativt	Innet omfang
Lite negativt	Innet omfang	Lite negativ konsekvens (-)	Middels negativ konsekvens (- -)	Stor negativ konsekvens (- - -)		
					Lite positivt	Innet omfang
Middels positivt	Innet omfang	Middels positiv konsekvens (++)	Stor positiv konsekvens (++++)			
				Stort positivt	Innet omfang	Meget stor positiv konsekvens (++++)



## **6.2 Alternativ - 0-alternativet**

Lokaliseringsalternativa som låg til grunn da tiltaket vart meldt inn som innspel er vurdert i samband med slutthandsaminga av kommuneplanens arealdel. Historikken i saksfremlegga som låg til grunn for vedtaket gjev oversikt over vurderte alternativ, som er forkasta i denne prosessen.

Fastsett planprogram seier at ein i dette planarbeidet skal konsekvensutgreie eit 0-alternativ saman med utbyggingsalternativet.

### 6.3 Landskapsbilete

Utgreiingstemaet er basert på landskapsanalyse for Sjudalen, konsekvensutgreiing ifm. revisjon av kommuneplanens arealdel for Vågå kommune, (Nordplan AS, 2016), og Reinsvangen – Gjendeosen i Vågå kommune, konsekvensutgreiing ifm. reguleringsplan for Gjendeosen (Rambøll Norge AS, 2011)

I den overordna konsekvensutgreiinga er Maurvangen undersøkt som eit spesifikt delområde med overordna vurderingar av konsekvensar ved framtidig utbygging. Området karakteriserast av fjellbjørkeskogen i ei li som strekk seg frå snaufjellet i sør og ned til Sjoa. Landskapet er i liten- middels skala. Sjoa og Fv. 51, samt campingplassen utgjer referansepunkta i landskapet. Bygningane er konsentrert ned mot vegen og elva. Lenger opp i lia overtek snaufjellet raskt og alle bygningar er lokalisert i fjellbjørkeskogen. Campingplassen med tilhøyrande anlegg er tydeleg med på å definere området i landskapet.

Vassdragsnaturen knytt til Sjoa er sterkt med på å definere landskapet i delområdet. Området er temmeleg sterkt påverka av utbygging til turistformål med camping/hytteutleige og fleire større infrastrukturtiltak, t.d. Fv.51 og bru over Sjoa. Desse tiltaka er av ein slik storleik at dei er med på å definere staden og landskapsforståinga.

Det var vurdert at det aktuelle området har middels verdi på grunn av allereie etablert infrastruktur, og omfanget av ei utbygging ville gje ein liten negativ verknad for delområdet. Utbyggingsforslaget vart samla sett vurdert til å ha til å ha små negative konsekvensar.



Figur 13. Fjellbjørkeskog på planområdet.

I konsekvensutgreiing for landskap ifm. reguleringsplan for Gjendeosen (Rambøll AS, 2011) er landskapsverdiene rundt Gjendeosen vurdert slik:


*Høgdedraget Gjendehalsen dannar inndeling mellom landskapsrommet rundt Gjende og landskapet mot Reinsvangen. Det er først når ein passerer dette høgdedraget at ein verkeleg er i landskapsrommet med Gjende-vatnet*

(...)

*Landskapsbildet ved Reinsvangen er meir i stand til å ta opp i seg inngrep på grunn av at det her er meir organisk materiale, betre veksttilhøve og trevegetasjon og eit slakare landskap. Landskapsbildet har derfor noko høgare tolegrense enn landskapet ved Gjendeosen, det kan ta opp i seg og dempe inngrep. Området ligg visuelt og mentalt ved porten til Jotunheimen nasjonalpark.*

Vurderinga har direkte relevans for planforslaget, da tolegrensene i landskapsrommet ved Reinsvangen/Maurvangen er vurdert til å vera best eigna for å huse naudsynt infrastruktur kring knutepunktutviklinga ved Gjende.

Området har ein del tyngre tiltak plassert i nærområdet i dag. Reinsvangen og Maurvangen er område som i stor grad er teken i bruk til næringsformål og infrastruktur tilknytt fritids- og turistverksemd i området. Området er eit knytepunkt for aktivitet i denne delen av Sjudalen, og endepunkt for biltrafikken i vinterhalvåret, med dagens vegdrift over Valdresflye.



Figur 14. Illustrasjon av planlagde tiltak som følgje av planforslaget, sett frå aust.



*Figur 15 og 16. Illustrasjon av planlagde tiltak som følgje av planforslaget, sett frå bommen på Fv. 51. Referansefoto nedanfor som relle forhold med vegskjering og vegetasjon.*

Illustrasjonane syner tenkt plassering av tenestebustad og garasje. Ein kan plassere bygga nedseinka i terrenget og nyttegjere høgdedrag og eksisterande vegetasjon for å skjerme for verknaden tiltaket vil gje for landskapet. Øvst i Sjødalen mot Valdresflya er landskap og naturbilete i fokus for mange av dei reisande. Dei visuelle kvalitetane langsmed Fv. 51 er tungtvegande, i og med at dette er ein nasjonal turistveg. Bygg og infrastruktur lyt derfor ikkje virke dominerande. Dette søkast her løyst ved å trekkje bygga ned og inn i dei naturlege formasjonane. Utforming, material- og fargeval er også sentralt i denne samanhengen. Dette skal søkast løyst på ein slik måte at bygga ikkje bryt sterkt med terreng og landskap, og ved å unngå eksponerande bygg med stor høgd. Regulert grøntstruktur kring byggetomta er gjeve føreseger for å ivareta eksisterande vegetasjon slik at bygga vert minst mogleg synlege, særleg frå Fv.51.

Planområdet ligg i tilknytning til naturområde med stor landskapsverdi, men etablerte inngrep og lokalt, mindre dramatisk karakter gjev at:

*Verdien vurderast til middels.*

#### **Alternativ o**

Om ein ikkje føretek ei regulering og utbygging, vil det vidareførast slik det er i dag.

*Ingen omfang, ubetydeleg konsekvens*

#### **Utbyggingsalternativet**

Fjernverknaden vil verte påverka av høgda på bygga og korleis vegetasjon kan bevarast for å skjerme den visuelle verknaden av utbygginga. Fjernverknaden vil verte påverka av høgda på bygningane og korleis vegetasjon kan tas vare på, for å skjerme den visuelle verknaden av utbygginga. Det veks fjellbjørk på byggetomta. Ein må forsøke å bevare vegetasjonen omkring bygga for å unngå at bygga verte meir synlege enn naudsynt.

Ubygginga vil oftast sjåast frå Fv.51 og Hoskelivegen. Den visuelle verknaden søkast redusert gjennom høveleg plassering i terrenget, dempa fargeval og utforming. Det er ikkje ynskjeleg å punktere den naturlege karakteren i influensområdet.

*Lite negativt omfang av verknader for landskapsbilete, og konsekvensane vert vurdert til å ha små, negative konsekvensar.*

## **6.4 Nærmiljø, friluftsliv og verna vassdrag**

Planområdet ligg i nærleiken av kjende naturområde som Besseggen, Gjende og Jotunheimen generelt. Desse har nasjonal verdi i høve rekreasjon og friluftsliv. Infrastruktur i området, parkeringsplassar og næringsverksemd i området venda seg mot turismen knytt til nasjonalparken. Drifta av båtane på Gjende er ein nøkkelfunksjon i infrastrukturen som tenar det friluftslivsbaserte reiselivet knytt til Jotunheimen og attraksjonane omkring Gjende. Dette gjev stor verdi. At planforslaget kan legge opp til styrking av dette vurderast vurderast positivt.

Sjoa er verna vassdrag (Verneplan 1, 1973), med 100 metersone som det i utgangspunktet ikkje skal byggast i (Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, 1994). Vernestatusen som ligg føre i Sjoa med tilhøyrande sideareal, gjev stor verdi. Lokalt fungerer fylkesvegen som ein barriere mellom vassdraget og planområdet og trekker verdivurderinga noko ned. Vurdert etter vedlegg 3 i RPR for verna vassdrag, syntes ikkje tiltaket som planen opnar for, å være av sin slik karakter at det vil skade verdien av vassdraget, inkludert kantsona. Utbygginga påverkar i liten grad Mola eller myrområdet som ligg aust for planområdet.

Det går ein sti frå Hoskelivegen til Fv.51, gjennom planområdet. Den nye vegen til planområdet vil til dels leggjast der denne stien no går. Der den nye vegen ender, kan stien framleis nyttas dersom ikkje tenestebustad eller garasje av særskilte årsaker vert plassert slik at dette ikkje lenger er praktisk.

*Verdien for nærmiljø, friluftsliv og verna vassdrag vurderast til stor.*

#### **Alternativ o**

Om ein ikkje føretek ei regulering og utbygging, vil det vidareførast slik det er i dag.

*Ingen omfang, ubetydeleg konsekvens*

#### **Utbyggingsalternativet**

Utbygginga støtter opp om store verdiar innanfor friluftsliv. Eksisterande inngreps si barriereverknad gjer at verneverdiane i Sjoavassdraget blir i liten grad rørt av planforslaget. Dei lokale verknadene for nærfriluftsliv kan i stor grad ivaretakast gjennom avbøtande tiltak.

*Middels positivt omfang av verknader for nærmiljø, friluftsliv og verna vassdrag, og konsekvensane vert vurdert til å ha middels positive konsekvensar.*

## **6.5 Naturmangfald, klima og miljø**

Berggrunnskart (ngu.no) syner at berggrunn i planområdet er danna av valdressparagmitt. I sør er det markert eit mørkare belte, dette er grønstein. NGU sitt lausmassekart syner at planområdet, Maurvangen, Reinsvängen, Hoskelie og områda som her ligg ned mot Sjoa, er randmorene. Planområdet ligg vesentleg over marin grense, og det er såleis ikkje fare for leire avsett i saltvatn (kvikkleire) her.

I nærområdet til planområdet finnes det registreringar av artar av stor forvaltningsinteresse i Naturbase. Bergirisk, blåstrupe, heipiplerke, kongeørn, dvergfalk, sivspurv og sandsvale er registrert i eit punkt, avmerka i krysset mellom Fv.51 og Hoskelivegen (Kjelde: Miljødirektoratet, Naturbase). Fylkesvegen og Hoskelivegen er allereie etablerte barrierar som skil dei vassdragrelaterte leveområda frå planområdet.

Registreringane er noko unøyaktige med tanke på kvar observasjonane er gjort, men det går fram at artane er observert i området. Innanfor planområdet finnes det elles fjellbjørkeskog som kan vera leveområde for dei observerte fugleartane, men vi har ikkje indikasjonar som skulle tilseie at planområdet skulle vera unikt som habitat eller hekkeområde. Ei avgrensing av byggeområdet ved myrområde i aust kan vera hensiktsmessig for ivaretaking av habitat for mindre fugleartar.

*Verdien vurderast til låg.*

### **Alternativ 0**

Om ein ikkje føretek ei regulering og utbygging, vil det vidareførast slik det er i dag.

*Ingen omfang, ubetydeleg konsekvens*

### **Utbyggingsalternativet**

Gjennomføring av planforslaget vil gje ei lokal endring av habitat. Omfanget vurderast som lite og ivaretaking av vegetasjon mot myra vil kunne gje føresetnader for at habitatet røres i liten grad.

*Lite negativt omfang av verknader for naturmangfald, klima og miljø, og konsekvensane vert vurdert til å ha ubetydelege konsekvensar.*

#### **6.5.1 Tilhøvet til Naturmangfaldslova**

Naturmangfaldslova legg til grunn formål om at «...Naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.» I samband med dette drøftast tilhøvet til §8-12, som gjeld utøving av offentleg mynde knytt til naturmangfald.

*§8 (kunnskapsgrunnlaget)*

Kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimelig forhold til den aktuelle utbygginga sin karakter, og konsekvensane denne kan ha for naturmangfaldet. Kunnskap om det biologiske mangfoldet er ofte meir utfyllande enn kunnskapen om konsekvensane ved eit utbyggingstiltak.

Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som «godt» for tema som er omhandla i denne konsekvensutgreiinga (§ 8). «Kunnskapsgrunnlaget» er både kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknader inkludert.

I planprogrammet er det avklart at det ikkje er naudsynt med ytterlegare naturkartlegging av planområdet.

#### *§9 (føre-var-prinsippet)*

Det vert vurdert slik at det ikkje føreligg risiko for alvorleg eller irreversibel skade for naturmiljøet. Planområdet er relativt lite, og det er ikkje sannsynleg at utbygginga vil ha store konsekvensar for naturmiljøet.

#### *§10 (økosystemtilnærming og samla belastning)*

Det skal takast omsyn til den samla påkjenninga eit økosystem vert utsett for. Tiltaka som planforslaget opnar for er vurdert i høve til tidlegare tiltak i nærleiken og deira effekt på økosystem og naturmiljø i planområdet. På byggetomta vil økosystema nødvendigvis verte påverka, men dette vil ikkje ha store konsekvensar for økosystema i området elles. Vassdragsnaturen i Sjoa og sidevassdrag skal ikkje utsettast for noko belastning ved utbygginga.

#### *§11 (kostandane ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar)*

Tiltakshavar har ansvar for å dekke kostnadane ved skadar på naturmiljøet i samband med utbygginga. Ved skjeringar innmed bygga skal topplaget takast vare på, og leggest på toppen av fyllingane når desse er på plass. Den stadeigne jorda i topplaget vil ha gode føremon for dei lokale vekstane. Det same prinsippet gjeld toppjord frå skjeringar langsmed vegen.

#### *§12 (miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar)*

Bygging og bruk av tenestebustad og garasje skal gjerast på ein slik måte at det ikkje vert unødig belastning på naturmangfaldet.

## **6.6 Kulturminne/kulturmiljø**

Planområdet vart delvis synfart i høve reguleringsplan for Maurvangen i 2009. Det vart ikkje funne noko automatisk freda kulturminne, og potensiale for slike kulturminne i det resterande planområdet er derfor vurdert som lavt. Om det seinare skulle dukke opp automatisk freda kulturminne som ikkje er kjend, skal ein stanse all aktivitet omkring desse, med ei sikringssone på 5 meter, jf. Kulturminnelova §6 og 8. Melding om eventuelle funn sendast kulturarveininga i Oppland Fylkeskommune.

*Verdien vurderast til låg.*

### **Alternativ o**

Om ein ikkje føreteik ei regulering og utbygging, vil det vidareførast slik det er i dag.


*Ingen omfang, ubetydeleg konsekvens*

### **Utbyggingsalternativet**

Omfanget (fotavtrykket) til planlagt bebyggelse er lite og det er lågt potensial for funn av kulturminne.

*Ingen omfang av verknader for kulturminne/kulturmiljø, og konsekvensane vert vurdert til å ha ubetydeleg konsekvens.*


## 6.7 Naturressursar, skog- og jordbruk



Figur 17. Kartutsnitt som viser aktivitet knytt til reindrift. Kjelde: NIBIO (Kilden).

Nærområda vest for planområdet (Leirungsdalen) er i registrerte data i NIBIO sin data base Kilden, beiteområde for Vågå tamreinlag og det blir sleppt sau i Leirungsdalen. Planområdet kjem ikkje i konflikt med reindriften, eller viktige driftslokaltetar for sau.

Fjellbjørkeskogen i planområdet er uproduktiv skog og har ikkje verdi som dyrkingsjord.



Figur 18. Kartutsnitt som viser arealressursar (bonitet) for jord og skogbruk AR5. (Kjelde: NIBIO, Kilden)



*Verdien vurderast til låg.*

### **Alternativ 0**

Om ein ikkje føreteik ei regulering og utbygging, vil det vidareførast slik det er i dag.

*Ingen omfang, ubetydeleg konsekvens*

### **Utbyggingsalternativet**

Omfanget (fotavtrykket) til planlagt bebyggelse berører i svært liten grad landbruksinteressene som fins i området.

*Ingen omfang av verknader for naturressursar, skog- og jordbruk. Konsekvensane vert vurdert til å ha ubetydeleg konsekvens.*

## **6.8 Andre forhold**

### **6.8.1 Trafikkforhold, teknisk og sosial infrastruktur**

Tellepunktet ved Maurvangen viste ÅDT på 860 biler i perioden april- desember i 2016. Fv. 51 er vinterstengt frå Gardli til Maurvangen i perioden desember til april, og planområdet ligg ved nordleg bom. Generelt gjeld 50 m byggegrense frå Fv.51 og det er skilta fartsgrense, 60 km/t forbi planområdet.

Planforslaget legg opp til ei redusert byggegrense på 30 meter i høve plassering av byggetomt. Tilkomst til planområdet går via Hoskelivegen, som er ein privat veg. Utbygger må derfor avklare bruk av Hoskelivegen med vegeigar (vegstyre). Nytt vegareal i planområdet dimensjonert for tilkomst med lastebil. Trafikkauka som utbygginga representerer gjev eit ubetydeleg tillegg i trafikktalet i krysset, vil ikkje gjera det naudsynt med tiltak ifm avkøyrsele frå Fv.51 til Hoskelivegen. Krysset som knyt Fv.51 og Hoskelivegen er eit t-kryss med 10x100 meter fri sikt (Reguleringsplan for Maurvangen, 2009). Vegen inn til planområdet vil gje eit nytt T-kryss inn på Hoskelivegen på ei strekning med låg fart og greie siktforhold.

### **6.8.2 Vatn- avløp – overvatn**

#### Vassforsyning:

Anlegget skal bli forsynt med vatn frå borebrønn i antatt fjell som ligg inntil utbyggingsområdet. Brønn og avlaupsanlegg skal vera lokalisert i god avstand frå kvarandre for å unngå avrenning og verknad.

#### Avlaupsløysing:

Anlegg for reinsing av avlaupsvatn er søkt avklart ut frå dei lokale forholda. Vurdering av reinsemetode er gjort ved hjelp av Norges Geologiske sin lausmassedatabase og supplerande synfaring. Infiltrasjon av gråvatn krev imidlertid lausmassemengd og kvalitet jf. aksepterte normar i VA-Miljøblad.

#### Overvatn:

Overvatn skal handsamast lokalt ved fordrøying/infiltrasjon.

### 6.8.3 Lågspenline, straum og kabelskap.



Figur 19. Lågspentkabel gjennom planområdet og kabelskap merkt (B/01) nord for Hoskelivegen. Kjelde: Eidefoss.

Ein lågspentkabel frå Eidefoss går igjennom planområdet, trasseen følgjer om lag stigen som er omtalt tidlegare. Lågspentkabelen må flyttast som ein del av utbygginga, slik at denne ikkje kjem i konflikt med veg eller bygg.

Bygga skal få tilført straum via nettet til Eidefoss. Effektbehov er ikkje avklart i planfasen, ei mogleg løysing er å kople seg på kabelskapet rett nord for Hoskelivegen. Lågspentkabelen kan i teorien delast, men det er avgrensa kapasitet for uttak i denne.

### 6.8.4 Støy



Figur 20. Nedkopierte kart som syner støyutbreiing ifm. trafikkstøy frå Fv. 51 og Hoskelivegen. Planlagde bygningar i planforslaget er vist med skravert figur.

Støykartet syner raud og gul sone for utbreiing av støy. Raud sone syner over 65 dB, gul sone syner 55-65dB. Berekning av støy er gjort på grunnlag av trafikkprognosar i 2025. Foreløpig er det ikkje kjent om Fv.51 vil verte heilårsveg innan den tid.

Det skal ikkje opnast for støyømfintleg bruksformål innanfor raud sone (Retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)). Det kan leggast til rette for bygginga av støyømfintleg formål innanfor gul sone, men det vert i så fall ei vurdering av kva for avbøtande tiltak ein kan nytte.

Bustad og fritidseigedom reknast som støyømfintlege formål. Tenestebustaden her er næringsformål, men vil likevel verte nytta til overnatting, noko som gjer det relevant å sjå på støyforholda. Støykartet syner at tenestebustaden (til høgre) går klar av går klar av baa raud og gul sone. Uteareal skal heller ikkje leggast i gul sone. Uteareala sør og aust for tenestebustaden går tydeleg klar av dette.

Om planområdet vert regulert til dei skisserte formåla, vil ein ikkje legge til rette for støyømfintlege rom, eller bygg i det heile, innanfor raud eller gul sone. Ein vil såleis ikkje få noko konflikt i høve Fv.51 eller Hoskelivegen.

## 6.9 Oppsummering og konklusjon

Samla konsekvensvurdering av 0-alternativet og utbyggingsalternativet:

Tema i konsekvensutgreiinga	Alternativ 0	Utbyggingsalternativet
Landskapsbilete	Ubetydeleg	Liten negativ konsekvens
Nærmiljø, friluftsliv og verna vassdrag	Ubetydeleg	Middels positiv konsekvens
Naturmangfald, klima og miljø	Ubetydeleg	Ubetydeleg
Kulturminne og kulturmiljø	Ubetydeleg	Ubetydeleg
Naturressursar, skog og jordbruk	Ubetydeleg	Ubetydeleg
Andre forhold	n/a	Ubetydeleg
Samla konsekvens	Ubetydeleg	Liten positiv konsekvens
<b>Rangering av alternativ</b>	2	1

## 7 Vedlegg

Følgande dokument skal følge saka:

- Føresegner, datert 09.05.2018
- Plankart, datert 10.04.2018
- Ros-analyse, datert 10.04.2018, gjennomgått 09.05.2018
- Oppsummering av innspel, datert 18.08.2017
- Planprogram, fastsett Vågå formannskap 17.10.2017

**Nordplan AS**

Telefon 57 88 55 00  
Telefax 57 88 55 01

[www.nordplan.no](http://www.nordplan.no)  
[post@nordplan.no](mailto:post@nordplan.no)

NO 948 081 768 MVA  
Bankkonto: 3790 05 03459